



**IVAR IVARSEN**

---


4H-oppgåve Selma og Maria



Namn: Maria Kvendset  
Bergli (junior) og Selma  
Skjerve Gjeldnes  
(aspirant)

Oppgåve: Ivar Ivarsen

Kva har du arbeidd med:  
Vi har arbeidd med  
bamsen Ivar. Vi har laga  
mat og sydd klede og  
kostyme til han. Og leika  
veldig mykje med han.





Maten har vi laga av  
papp, plastikk, tape,  
maling, isopor,  
kakestrøssel,  
tannpirkar, stoff,  
modelleire, lim fra  
limpistol,  
frokostblanding, farga  
ull og ei brusflaske.




Vi har laga fleire bleier, bukse, sløyfe, klokke og smekke. Til Halloween laga vi eit vampyr-kostyme med kappe og hogtanner.



Vi har med oss Ivar overalt. På skulen kvar dag,  
heime hos kvarandre, Surnadal, fjøset, til  
kaninene til Selma og Bordholmen. Vi leiker  
med han kvar dag.

Ivar er veldig glad i Lynet Mc Queen. I sommar  
laga vi ein Lynet Mc Queen-leir til han. Da  
hadde han på seg Lynet-bleie og vi tok ei raud  
t-skjorte over elsparkesykkelen og kjørte rundt  
på Bordholmen. Ivar fekk seg ein ny venn den  
dagen. Han heiter Bjarte. Han telta i sekken til  
Maria.





Vi har ein app som heiter My Boo der ein kan lage din eigen Boo. Der kan du spele og tjene «pengar», slik at du kan kjøpe kroppsdelar, klede, utstyr fikse på romma. Vi har laga Ivar i denne appen.

---

Kva var det mest morosame du opplevde medan du arbeidde med prosjektet?

Det mest morosame var Lynet Mc Queen-leiren og da han ramla av huska på skulen og slo seg på slabbadusken.

Kva har du lært:  
Vi har vorte betre til å sy og lage ting.

